

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
044/16	Formannskapet	07.06.2016
034/16	Kommunestyret	16.06.2016

Saksbehandlar: Ole Vikse  
Sak - journalpost: 15/2387 - 16/14460

---

### Kommunereform - Jæren kommune - Endelig vedtak om kommunestruktur.

#### Rådmannen si innstilling:

Kommunestyret viser til den omfattande prosessen Hå kommune har deltatt i, med:

- utgreiing om kommunereforma med 8 kommunar i regionen
- intensjonsavtalen om Jæren kommune
- informasjonsarbeid og folkeavstemming 25. april 2016

Basert på ei valdeltaking på 60,1% der:

- 74,5 % røysta Nei
- 23,9 % røysta Ja
- 1,6 % røysta Blankt

vedtar kommunestyret at Hå kommune held fram som eigen kommune.

#### 07.06.2016 Formannskapet

Rådmannen si innstilling blei samrøystes vedtatt.

#### FS- 044/16 Vedtak:

Kommunestyret viser til den omfattande prosessen Hå kommune har deltatt i, med:

- utgreiing om kommunereforma med 8 kommunar i regionen
- intensjonsavtalen om Jæren kommune
- informasjonsarbeid og folkeavstemming 25. april 2016

Basert på ei valdeltaking på 60,1% der:

- 74,5 % røysta Nei

- 23,9 % røysta Ja
- 1,6 % røysta Blankt

vedtar kommunestyret at Hå kommune held fram som eigen kommune.

### **16.06.2016 Kommunestyret**

Formannskapet si tilråding blei samrøystes vedtatt.

### **KS- 034/16 Vedtak:**

Kommunestyret viser til den omfattande prosessen Hå kommune har deltatt i, med:

- utgreiing om kommunereforma med 8 kommunar i regionen
- intensjonsavtalen om Jæren kommune
- informasjonsarbeid og folkeavstemming 25. april 2016

Basert på ei valdeltaking på 60,1% der:

- 74,5 % røysta Nei
- 23,9 % røysta Ja
- 1,6 % røysta Blankt

vedtar kommunestyret at Hå kommune held fram som eigen kommune.

### **Bakgrunn for saka:**

Alle kommunane i Noreg blei hausten 2014 invitert av Stortinget til å starte prosessar for å avklare om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar.

### *Utgreiing*

Regjeringa sette i gang arbeidet med kommunereforma ved å setje ned Ekspertutvalet 3. januar 2014. Utvalet kom med sin første rapport 31. mars 2014.

Jærrådet behandla saka første gong i møtet 21. februar 2014, og sette saka på dagsorden for vidare drøfting og vedtak av opplegg 23. mai 2014. Jærrådet informerte også Randaberg, Sola og Stavanger kommunar om utgreiinga.

Stortinget vedtok 19. juni 2014 opplegget for gjennomføring av kommunereforma, som ein

del av kommuneproposisjonen for 2015.

Ordførarane i Gjesdal, Hå, Time, Klepp, Sandnes, Sola, Randaberg og Stavanger vart saman einige om å gjennomføre utgreiinga. Det vart etablert ei styringsgruppe for felles utgreiing. Styringsgruppa bestod av ordførar, varaordførar og opposisjonsleiar frå kvar av dei åtte kommunane.

Det blei gjennomført ei felles samling for formannskapa i dei 8 kommunane (Gjesdal, Hå, Klepp, Randaberg, Sandnes, Sola, Stavanger og Time) i Sandnes 26. november 2014, med mellom anna SWOT-analyse (strengths, weaknesses, opportunities and threats) på områda samfunnsutvikling og lokaldemokrati.

Denne fasen vart avslutta ved framlegginga av felles analyse og rapport for dei åtte kommunane (sjå vedlegg 1). Kommunestyra i dei åtte kommunane behandla utgreiinga i løpet av september 2015. Rapporten blei lagt fram for kommunestyret i Hå i K-sak 058/15 den 10. september 2015. Saka avklara også kva nabokommunar det var aktuelt for den enkelte kommune å utgreia samanslåing med.

### *Nabopratt*

10. september 2015 blei det lagt fram ei sak for kommunestyret om vegen vidare.

Kommunestyret i Hå vedtok i K-sak 058/15 å gå vidare til fase 2 i kommunereforma. Det vil seie å gjennomføre «nabopratt» med jærkommunane Klepp og Time hausten 2015. Framlegg til intensjonsavtale og grunnlag for folkeavstemming skulle leggjast fram for Hå kommunestyre i februar 2016.

«Nabopratten» mellom jærkommunane Hå, Klepp og Time starta den 29. september 2015. Styringsgruppa bestod av ordførar, varaordførar og opposisjonsleiar frå kvar av dei tre kommunane. Gruppa fekk i oppdrag å utarbeide ein intensjonsavtale for Jæren kommune som grunnlag for folkeavstemming om kommunesamanslåing.

Arbeidet til styringsgruppa har tatt utgangspunkt i oppdraget frå Stortinget om å greie ut kommunesamanslåing og byggjer på rapporten frå dei åtte kommunane, som vart lagt fram for formannskapa i mai 2015. Rådmennene i dei tre kommunane har deltatt som rådgjevarar i møta og har levert grunnlagsinformasjon og utgreiingar på oppdrag frå styringsgruppa.

Tema på styringsgruppa sine møte har vore dei sentrale områda samfunnsutvikling, lokaldemokrati og tenesteyting, og i tillegg har økonomi, arbeidsgjevarrollen og

næringsutvikling vore drøfta. Intensjonsavtalen har blitt revidert etter kvart møte ut frå konklusjonane i drøftingane.

Intensjonsavtalen om Jæren kommune blei behandla i alle dei tre kommunestyra og dannar grunnlag for folkeavstemming i jærkommunane 25. april 2016. Gjennomføringa av rådgjevande folkeavstemming blei vedtatt i K-sak 104/15 av kommunestyret i møte 17. desember 2015. Intensjonsavtale (vedlegg 2) blei lagt fram til behandling i kommunestyret i Hå 25. februar 2016 i K-sak 06/16 og vedtatt lagt ut til folkeavstemming 25. april 2016.

Intensjonsavtalen vart sendt ut til alle husstandane i Hå saman med ein brosjyre om folkeavstemminga. I Hå vart det halde eit folkemøte på Nærbø 12. april 2016 der Aftenbladet hadde regien. Det vart i tillegg halde opne møter på Hå rådhus 5. april, Vigrestad 11. april og Ognå 14. april. Det var mange lesarinnlegg og stort engasjement i Jærbladet og Aftenbladet.

### *Folkeavstemming*

Rådgjevande folkeavstemming vert gjennomført etter same rutinar og lovkrav som ved kommunestyre- og fylkestingsvalet med nokre få tilpassingar.

Alle som oppfylte stemmerettskriteria for kommunestyre- og fylkestingsvalet, inkludert dei som fyller 16 år og 17 år i valåret, hadde stemmerett.

Rådgjevande folkeavstemming vart halden måndag 25. april 2016. Det var mogleg å førehandstemme i perioden måndag 21. mars til fredag 22. april. Det var i tillegg mogleg for sjuke og uføre å stemme heime. Det vart også gjennomført førehandsstemning på helse- og sosialinstitusjonar og Tryggheim vidaregåande skule.

Det var totalt 13993 personar med røysterett. Det var totalt 8411 personar som røysta noko som utgjer 60,1 av personane med røysterett. Valstyret godkjente møtebok for folkeavstemminga tysdag 26. april 2016 i sak 02/16.

Den rådgjevande folkeavstemminga gav følgjande resultat:

Setlar	Tal	Prosent
Ja	2008	23,9
Nei	6268	74,5
Blanke	136	1,6
Totalt tal partifordelte stemmesetlar	8412	100

Valdeltakinga var som følgjande:

Tal på personar som har stemt	Personar med stemmerett	Frammøte prosent
8 411	13 993	60,1

Valdeltakinga blant 16- og 17-åringane var som følgjande:

Tal på personar som har stemt	Personar med stemmerett	Frammøte prosent
341	476	71,6

#### **Vurdering:**

Etter felles utgreiing av kommunereforma med kommunane Gjesdal, Randaberg, Sandnes, Sola og Stavanger, gjorde kommunestyra i Hå, Klepp og Time vedtak i september 2015 om

å gå vidare med «nabosamtale» om Jæren kommune.

Styringsgruppa med ordførar, varaordførar og opposisjonsleiar frå kvar av kommunane

utarbeidde ein intensjonsavtale for Jæren kommune som danna grunnlag for folkeavstemming om kommunesamanslåing.

Arbeidet har tatt utgangspunkt i oppdraget frå Stortinget om å greia ut kommunesamanslåing og byggjer på rapporten frå dei åtte kommunane. Styringsgruppa har føretatt ei grundig vurdering av eigne kommunar etter dei fire hovudrollene (samfunnsutviklar, tenesteutøvar, myndighetsutøvar og demokratisk arena). I tillegg har økonomi, arbeidsgjeverrollen og næringsutvikling vore drøfta.

Resultatet av folkeavstemminga viste eit tydeleg fleirtall for nei i Hå kommune samtidig som valdeltakinga var høg. På bakgrunn av prosessen som leia fram til folkeavstemminga tilrår rådmannen at framkome valresultat blir lagt til grunn for endeleg vedtak om kommunestruktur.

På bakgrunn av brev frå fylkesmannen i Rogaland til kommunane (vedlegg 3) har rådmannen samanfatta momenta fylkesmannen ønskjer at alle kommunane skal omtale (sjå vedlegg 4).

**Vedlegg:**

Vedlegg 1. Felles utgreiing av kommunereform for dei 8 kommunane

Vedlegg 2. Intensjonsavtale

Vedlegg 3. Fylkesmannen i Rogaland brev til kommunane

Vedlegg 4. Momentliste i førebuingane fram til endeleg vedtak